

Larsnes

Larsnesområdet er ein del av Gurskøya, landskapet er variert med mange små vatn. Landsbyen Larsnes er kommunesenter for Sande kommune, som omfattar halve Gurskøya pluss Sandsøya, Voksa og Kvamsøya.

Gamlevegen over Drageskaret er vel eigna for trim til fots eller på terrengsykkel, du kan kome heilt over til Knotten i Gursken.

1.28 Storehornet og Nupatinden

Frå parkeringsplassen i Drageskaret, mellom Gurskebotn og Larsnes, går ein sti i stort sett same høgde vestover til eit fabelaktig utsiktspunkt. Tydeleg sti med nokre fuktige parti.

Først 1 km til Storehornet, 2 km vidare til Nupatinden, totalt **6 km** på **2,5 t** tur-retur. Høgdeskilnadar frå **200 - 271 - 170 - 242 m** frå aust mot vest. **Lett** rute.

Du kjem først til den store 2000-årsvarden på Storehornet, vidare ned og bort på Lisjehornet, 214 m. Du passerer eit gjerde og får litt stigning mot trimposten på Nupatinden, også kalla Nupen på nokre kart.

Drageskaret - Svedahornet - Vetten. Frå bilvegen mellom Gursken og Larsnes kan du gå på svaberg og for det meste tørr sti innover forbi småvatna ved Vetten, stigning frå 200 - 396 - 458 m. Her er flott utsikt mot Syvdsfjorden. 2-3 t fram og tilbake. Du kan også halde fram på stien austover til Keipen og få ein idyllisk rundtur på 4 t.

Skredestranda - Vetten. 300 m aust for ferjekaien Årvik er det skilta til Vetten. Stien krokar seg bratt opp gjennom god soppskog til austenden av Nyksvatnet. Der kan du velje mellom fleire stiar i snaufjellet, mot Lomstjønnna, rundt vatnet eller bratt vidare oppover til Vetten.

Grøthornet. Frå øvste busetnaden i Larsnes sentrum er det tydeleg skilta mot Grøthornet, og stien er godt merka gjennom svært variert landskap. 1 t opp til 298 m. Også frå Drageskaret går ein merka sti til Grøthornet.

Lomstjønnna er eit vakkert høgdepunkt på ruta som går frå Dalen, via ein gigantisk gapahuk, og aust til trimposten på den særmerkte vesle knausen ved Lomstjønnna.

Trimrunda i Haugsbygda går frå øvste husa, og tek mindre enn 1 t. Gjennom ei grind, så austover på sti og skogsveggar med trimpostar og kvilebenkar til Skogsenden.

Til høgre: Stille haustdag. Frå Grøthornet mot Morkavatnet og Vetten.

Under: Nesten heile Gurskøya, berre Moltustranda og Gjerdsvika er utanfor bildet.

